

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 28.11.2017**

Representanten **Øyvind Strømmen** sette fram følgjande tilleggsforslag:

«Utval for opplæring og helse ber om at det vert rapportert særleg om det neste inntaket til Vg1 musikk/dans/drama, og om resultatet av denne endringa».

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke saman med Strømmen sitt tilleggsforslag.

### **Forslag til innstilling**

Ved søknad til Vg1 Musikk/Dans/Drama kan det frå skuleåret 2018/2019 gjevast tilleggsspoeng etter følgjande skala:

- 3 poeng: Søkjaren viser god dugleik og utover gjennomsnittet.
- 6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen og eit stort potensiale.
- 9 poeng: Skal berre gjevast til søkerarar som viser framifrå dugleik og eit uvanleg stort potensiale.

Utval for opplæring og helse ber om at det vert rapportert særleg om det neste inntaket til Vg1 Musikk/Dans/Drama, og om resultatet av denne endringa.